



Arkivnr: 2014/16034-3

Saksbehandlar: Bjørn Inge Midtgård

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		16.09.2014
Fylkesutvalet		24.09.2014

## Odda Vegfinans AS - søknad om driftsstøtte

### Samandrag

Odda Vegfinans AS har i brev frå 26.6.2014 søkt Hordaland fylkeskommune om driftsstøtte for åra 2014, 2015, 2016 og 2017. Føremålet med selskapet er å stå føre delfinansiering av planlegging og bygging av ny veg og ny tunnelloysing for E134 innafør planområdet som er definert i vedtekne kommunedelplanar for Odda og Vinje kommunar frå 2008.

Fylkesrådmannen meiner at det er viktig at arbeidet med å utarbeida ein bompengesøknad held fram i 2014 og i 2015, slik at prosjektet vert enno betre posisjonert for snarleg fullfinansiering. Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet løyver kr. 75 000 til Odda Vegfinans AS i 2014 til drift av selskapet, finansiert over fylkesutvalet sin tilleggslovyvingskonto. Fylkesrådmannen legg opp til at det vert innarbeidd kr. 130 000 i budsjettet for 2015. Fylkesrådmannen vil på eit seinare tidspunkt ta stilling til om det er behov for å løyva driftsmidlar til Odda Vegfinans AS for åra 2016 og 2017.

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet løyver kr 75 000 til Odda Vegfinans AS til drift av selskapet i 2014. Budsjettet for 2014 vert endra slik:

Konto 10 120 930 00 14700 Ymse tilskot aukar med kr. 75.000

Konto 10 720 200 00 14700 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr 75.000

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Søknad Hordaland FK med vedlegg

## Fylkesrådmannen, 21.08.2014

### Bakgrunn

Odda Vegfinans AS har i brev frå 26.6.2014 søkt Hordaland fylkeskommune om driftsstøtte for åra 2014, 2015, 2016 og 2017. Føremålet med selskapet er å stå føre delfinansiering av planlegging og bygging av ny veg og ny tunnelloysing for E134 innafør planområdet som er definert i vedtekne kommunedelplanar for Odda og Vinje kommunar frå 2008. Selskapet vart stifta som eit «pådrivarselskap», som skulle bli til eit bompengeselskap. HFK eig 52% og 12 kommunar eig 4% kvar av selskapet.

Odda Vegfinans AS betalte i 2012 ut 2,5 mill. kr til Statens vegvesen som forskottering av planleggingsutgifter knytt til E134 Haukelifjell. Utbetalinga vart finansiert med tilsvarende låneopptak i Hordaland fylkeskommune. Når bompengerekravinga kjem i gong, vil inntektene frå denne dekkja inn desse utgiftene. I mellomtida må selskapet sørge for midlar til finansiering av drift etter 2014 og til dekking av kapitalutgiftene.

### Status for ny E134 over Haukelifjell

#### Planstatus

KVU/KS1 for Haukelifjell vart handsama av regjeringa i 2011. Kommunedelplanen vart godkjent i kommunane Vinje og Odda i 2008. Det er langt på veg utarbeida reguleringsplanar (Seljestad – Liamyrane, Liamyrane – Vågslie) for prosjektet, men to viktige avklaringar har gjenstått: 1) Kva standard skal vegen ha i høve til vegbredde? - og 2) På delar av vegen er traseen freda. Vegdirektoratet gjorde standardvalet i juli. Det vert tunellprofil på 9,5 m (ikkje 10,5) og vegbreidde på 9 m (ikkje 10). Det er 1 m trygggleikssone mellom køreybanene som er teke vekk. Avklaringane frå Riksantikvaren er venta å koma i september månad.

#### Kostnader og finansiering

Kostnadsoverslaget er på 6,5 mrd. kr. - statleg del 5,5 mrd. kr. - og bompengar 1 mrd. kr. Første byggetrinn (strekninga Seljestad- Vågslie) er kostnadsrekna til 3,5 mrd. kr. Prosjektet er ikkje fullfinansiert i NTP perioden 2014 – 2023. Haukelitunnelane er lagt inn med startløyving på 650 mill.kr. i perioden 2018 – 2023 i SVV sitt Handlingspogram 2014 – 2017(23).

#### Bompengesøknad

Med grunnlag i reguleringsplanane tek Odda Vegfinans AS sikte på å utarbeida utkast til bompengesøknad i 2014- 2015, der det vert føreslått nivå på bompengefinansiering og behov for statleg fullfinansiering.

### Driftsstøtte

Odda Vegfinans AS foreslår følgjande finansiering av selskapet dei komande åra:

- a) Hordaland FK dekker ein del som tilsvarar relativ aksjebeholdning (130 av 250 aksjar).
- b) Odda kommune, som vertskommune, dekker ein vesentleg del av utgiftene.
- c) E134 Haukelivegen AS dekker ein mindre del. Drifta i 2013-2014 har vore dekkja med midlar frå kommunane i Vest-Telemark.

Det er søkt om følgjande løyving frå Hordaland fylkeskommune:

For 2014: 75.000 kr. (tilsvarende kostnaden for renteberande lån i HFK)

For kvart av åra 2015 - 2017: 130.000 kr. (tilsvarende HFK sin del av aksjane)

### Fylkesrådmannen sine merknader

Fylkestinget har 10.12.2013, sak 67/13 «Høyingsuttale - Handlingsprogrammet for riksvegnettet 2014 – 2017(23), bedt om at Haukelitunnelane må planleggjast i 2015 og ferdigstillast i løpet av planperioden. Fylkesrådmannen meiner derfor at det er viktig at arbeidet med å utarbeida ein bompengesøknad held fram i 2014 og i 2015, slik at prosjektet vert enno betre posisjonert for snarleg fullfinansiering.

Ei slik avklaring vil kunna bidra til ein raskare oppstart og realisering av første byggetrinn av

Haukelitunellane, med auka statleg satsing på riksvegnettet i perioden 2014 – 2017, eller i samband med revidert NTP for perioden 2018 – 2021.

Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet løyver kr. 75 000 til Odda Vegfinans AS i 2014 til drift av selskapet, finansiert over fylkesutvalet sin tilleggslyvingskonto. Fylkesrådmannen legg opp til at det vert innarbeidd kr. 130 000 i budsjettet for 2015.

Regjeringa har varsla at ho tek sikte på å etablere 2 - 3 nye bompengeselskap i 2015 med ansvar for bompengeneinnkrevinga i landet. Men det er uvisst kva som vil skje med «pådrivarselskap»(potensielle bompengeselskap) slike som Odda Vegfinans AS, som har fått løyve frå Vegdirektoratet til å forskottera planleggingsmidlar. Fylkesrådmannen vil derfor på eit seinare tidspunkt ta stilling til om det er behov for å løyva driftsmidlar til Odda Vegfinans AS for åra 2016 og 2017.